VEDLEGG A

KRAVSPESIFIKASJON

Versjon 0.9
MERK at denne versjonen manglar utdjuping av korleis vi ber tilbydar svar på dei ulike krava, og vil bli erstatta med ein komplett versjon 1.0 om kort tid

1. GENERELT

Denne anskaffinga gjeld levering av akustiske piano, flygel, pianokrakkar og tilhøyrande service- og vedlikehaldsavtale til Langhaugen vidaregåande skule. Instrumenta skal vere eigna for avansert musikkopplæring, individuell øving, samspel, konsertar, eksamenar og meisterklassar. Anskaffinga er ein del av etableringa av nye og moderne undervisningsfasilitetar for musikkopplæring og skal bidra til å sikre høg kvalitet på undervisning, øving og framføringar. Langhaugen vidaregåande skule sitt nye bygg for musikkfag skal takast i bruk frå 4. januar 2027, og levering av instrument og oppstart av service- og vedlikehaldsavtale må ta omsyn til dette.

Langhaugen vidaregåande skule er ein av Vestland fylkeskommune sine største vidaregåande skular og er særleg kjend for sitt sterke fagmiljø innan musikk, dans og drama. Skulen har eit stort elevtal og eit omfattande musikkfagleg tilbod med både individuell undervisning, samspel, ensembleundervisning, konsertar og framføringar gjennom heile skuleåret.

Klavera som vert leverte skal vere eigna for profesjonell undervisning og dagleg bruk i eit aktivt læringsmiljø. Det er avgjerande at instrumenta held høg kvalitet når det gjeld klang, spelbarheit, driftstryggleik og levetid, og er konstruerte for langvarig bruk i eit undervisningsmiljø med høg bruksintensitet.

Anskaffinga skal omfatte levering, innbering, montering og klargjering av klaver, samt leveranse av høvelege pianokrakkar tilpassa instrumenta, helst krakkar med hydraulikk. Vidare skal det inngåast ein service- og vedlikehaldsavtale som sikrar regelmessig stemming, ettersyn og naudsynt vedlikehald gjennom avtaleperioden. Dette er særleg viktig for å sikre at instrumenta til kvar tid held den kvaliteten som krevjast i undervisning og framføringssamanheng.

Leveransen er organisert som tre delkontraktar:

Delkontrakt 1 – Flygel
Delkontrakt 2 – Piano
Delkontrakt 3 – Serviceavtale

Tilbydarar kan gje tilbod på ein, to eller alle delkontraktar, og vert i både søknad om deltaking og i tilbodsbrev beden om å spesifisere kva delkontraktar søknaden/tilbodet gjeld..

Vestland fylkeskommune vil gjennomføre konkurransen i samarbeid mellom innkjøpsseksjonen og relevante fagpersonar med særskild kompetanse innan klaver og pianoteknisk vedlikehald. Ved evaluering av tilboda vil både instrumentkvalitet, serviceapparat, vedlikehaldsløysing og leverandøren si faglege kompetanse vere viktige moment.

Av omsyn til innflytting i nytt musikkbygg frå januar 2027 skal avtale vere inngått i løpet av 2026, og leverandøren må i tilbodet dokumentere at levering og etablering kan gjennomførast innan avtalte tidsfristar. Avtalen skal være inngått og varene skal være levert på lokasjon, som er spesifiserte rom på Langhaugen VGS seinast i veke 2.
.

2. OMFANG

Verdien av anskaffinga er estimert til 6 MNOK eks. mva. Oppdraget kan også omfatte oppgradering/oppussing av eksisterande instrument. I tillegg kan det bli aktuelt med kompletteringskjøp av instrument viss det er naudsynt og det finst rom på skulen sitt årsbudsjett. Slike kompletteringskjøp kan vere aktuelt i garantitida til hovudanskaffinga, og sjølv om omfang er vanskeleg å spå legg oppdragsgjevar til grunn inntil 2 MNOK som eit rimeleg estimat. Det vert understreka at oppgjeven verdi er basert på estimat frå statistikk og opplysningar frå oppdragsgjevar sine noverande leverandørar og eigne økonomidata. Det vert teke atterhald om endringar i volum, mellom anna med bakgrunn i budsjettsituasjonar som påverkar oppdragsgjevar sin aktivitet.

Delkontrakt 1 – Flygel
• 1 flygel kategori A (konsertsal) med trekk • 4 flygel kategori B (undervisning og samspel) • Tilhøyrande pianokrakkar • Tilhøyrande trekk og humidifier der dette er spesifisert
Delkontrakt 2 – Piano
• 11 akustiske piano • Tilhøyrande pianokrakkar • Humidifier der dette er spesifisert
Delkontrakt 3 – Serviceavtale
• Stemming av alle skolen sine klaverinstrument kvart semester, 2 gonger årleg • Vedlikehald og reparasjonar ved behov • Responstid maks 4 dagar for pianoteknikar • Digital vedlikehaldslogg etter stemming og vedlikehald. Vedlikehaldslogg skal innehalde oversikt over kva som er gjort på kvart klaver.

Delkontrakt 1 og 2 er varekontraktar, medan delkontrakt 3 er ein tenestekontrakt. Delkontrakt 1 og 2 har varigheit frå signeringstidspunktet til leveransane er fullført og garantiperioden tar til. Som skildra over, kan det bli aktuelt med kompletteringskjøp i garantiperioden.

Delkontrakt 3 har varigheit på 3 år frå signeringstidpunkt, og vert automatisk forlenga 1 år om gongen inntil 5 gonger. Maksimal varigheit er dermed 8 år.

3. KRAVTYPAR I SPESIFIKASJONEN

Heile konkurransen er å anse som krav det skal svarast på. Dette betyr at oppdragsgjevar føreset at tilbyder set seg inn i alle delar av konkurransedokumenta. Der krav er sett opp i tabell med kolonne for kravtype, skal kravtypar forståast slik:

Absolutte krav (A[1])	Kravet MÅ tilfredsstillast ved kontraktsstart. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Kravet vert vurdert som oppfylt/ikkje oppfylt og vert ikkje poengsett.
Absolutte, poengsette krav (A[2])	Den delen av kravet som er definert som absolutt MÅ tilfredsstillast ved kontraktsstart. Tilbod som ikkje tilfredsstiller MÅ-krav kan bli avvist. Det vil bli evaluert på i kva grad (kor godt) den delen av kravet som *ikkje* er absolutt blir oppfylt. Dvs. kor god meirverdi tilbodet visar *utover* minstekravet. Dette vil verte evaluert som en del av tildelingskriteria.
Viktige krav (B)	Kravet BØR tilfredsstilles, men det er ikkje et absolutt krav. Skildringa av kravet vil verte evaluert som del av tildelingskriteria.

4. KRAV TIL INSTRUMENT (DELKONTRAKT 1 OG 2)

4.1 Generelle krav

Nr	Krav	Kravtype
1	Alle instrument skal leverast på hjul	A1
2	50 % av instrumenta skal ha montert humidifier	A1
3	Instrumenta skal vere konstruerte for intensiv dagleg bruk i undervisningsinstitusjon.	A1
4	Instrumenta skal ha dokumentert stabilitet med omsyn til stemming og regulering.	A1
5	Instrumenta skal ha forventa levetid på minimum 25 år ved normalt vedlikehald	A1
6	Leverandør skal minimum tilby fem års garanti på instrumenta, rekna frå leveringsdato. Leveransen vert rekna som gjennomført når instrumenta er ferdig installerte i skulen sine lokale i samsvar med krav 13 under, og klare til bruk.	A1
7	Leverandøren skal kunne bistå med plassering, akustisk rådgjeving og innflytting	A1
8	Leverandør skal opplyse om produksjonsstad, opphav til vesentlege trematerialе, relevante miljøsertifiseringar og transport- og logistikkløysingar.	A1
9	Leverandør skal skildre leveransekjeda og relevante aktsomheitsvurderingar knytt til menneskerettar.	A1
10	Emballasje bør vere resirkulerbar eller gjenbrukbar og bruk av plast skal reduserast.	A1
11	Leveringsbetingelsene er regulert i avtaledokumentet punkt 3. I utgangspunktet legger vi til grunn Incoterms 2020 DDP. I tillegg skal instrumentene losses, bæres inn og plasseres i angitt rom. Tilbyder bes oppgi pris for disse tillegsytelsene samt transportforsikring frem til varene er plassert. Spesifiser i egne linjer i vedlagte prisskjema.	A1

12	Leverandøren er ansvarleg for at instrumenta vert transporterte og leverte trygt, sikkert og til rett tid i samsvar med leveringsvilkåra. Oppdragsgjevar ønskjer at leveransane blir utført med klimavennlege køyretøy/transportmiddel og drivstoff. Utsleppsfrie bilar/transportmetodar vil gje positiv utteljing. Leverandøren vert beden om å skildre korleis transporten vil bli gjennomført.	B
13	Følgjande milepælar og leveringstider er fastsette: • Flygel i kategori A (konsertsal) skal vere levert, plassert, regulert og intonert innan utgangen av veke 6 i 2027. Stemming kan gjennomførast etter nærare avtale når instrumentet har fått akklimatisert seg. • Alle øvrige instrument, inkludert flygel i kategori B og piano, skal vere leverte og plasserte innan utgangen av 2026. Intonering og stemming kan gjennomførast etter nærare avtale når instrumenta har fått akklimatisert seg. Oppdragsgjevar vil gje utteljing for tidlegare levering	A2

4.2 Delkontrakt 1 og 2

Nr	Krav	Kravtype
D1	Flygel kategori A (1 stk)	
14	Flygel i kategori A skal ha ei lengd på minimum 220 cm.	A1
15	Flygel i kategori A skal vere eit profesjonelt konsertflygel eigna for bruk i skulen sin konsertsal, ved konsertar, meisterklassar og eksamenar.	A1
16	Instrumentet sine klanglege og speletekniske eigenskapar vil verte vurderte gjennom prøvespeling.	A2
	Flygel kategori B til undervisning og samspill (4 stk)	
17	Flygel i kategori B skal ha ei lengd mellom 180 cm og 220 cm.	A1
18	Flygel i kategori B skal vere eigna for avansert undervisning, akkompagnement, samspel, kammermusikk og mindre konsertar.	A1
19	Instrumentet sine klanglege og speletekniske eigenskapar vil verte vurderte gjennom prøvespeling.	A2
D2	Piano (11 stk)	
20	Instrumenta skal vere profesjonelle akustiske piano med høgd minimum 110 cm	A1
21	Instrumentet sine klanglege og speletekniske eigenskapar vil verte vurderte gjennom prøvespeling.	A2

4.2.1 Om konsertsalen

- Konsertsalen har eit areal på 374,2 m² og ei takhøgd på 8 meter.
- Scena har eit areal på 160 m².
- Stoltrekka er utførte i materiale som ikkje påverkar akustikken i salen.

4.2.2 Om prøvespeling

Oppdragsgjevar skal før kontraktsinngåing få høve til å prøvespele dei tilbydde instrumenta, eller instrument av same modell og spesifikasjon. Prøvespelinga kan gjennomførast av eit fagpanel sett saman av pianopedagogar og utøvande pianistar. Klangbalanse, dynamisk spennvidd, anslagsrespons, projeksjon, repetisjonsevne og allsidigheit vil verte vurderte. Resultatet av prøvespelinga vil inngå i evalueringa av dei klanglege og spelemessige eigenskapane til instrumenta.

Oppdragsgjevar tek atterhald om retten til å krevje dokumentasjon på at levert instrument er av same modell og spesifikasjon som instrumentet som vart prøvespelt, og at det held tilsvarande kvalitetsnivå.

4.3 Delkontrakt 3

Serviceavtalen kan være et eige tilbod uavhengig om leverandør kommer med tilbud på salg av instrumenter.

Nr	Krav	Kravtype
22	Leverandøren skal ha servicerepresentant basert i Norge.	A1
23	Delelager bør være i Norge. Tilbydar vert beden om å skildre kor delelager er plassert, og korleis levering til servicerepresentant/servicestad er organisert.	B
24	Stemming av alle instrument to gonger årleg.	A1
25	Vedlikehald og reparasjon ved behov.	A1
26	Pianoteknikar skal kunne møte innan fire virkedagar etter meldt behov.	A1
27	Digital rapport skal sendast til kontaktperson på skulen etter utført arbeid. Rapport spesifiserer hva som er utført i serviceoppdraget. Tilbydar vert beden om å levere eksempel på servicerapport og digital vedlikehaldslogg.	A1
28	Leverandøren av serviceavtale vert beden om å skildre: • serviceorganisering • metode for forebyggande vedlikehald • instrumentoppfølging over tid	A2
29	Leverandøren av serviceavtale vert beden om å levere: • CV og dokumentasjon for dei teknikarane som skal utføre oppdraget • Personlege referansar frå tilsvarande oppdrag for tilbodne ressursar	A2

5. BETALINGSPLAN

Delkontrakt 1 og 2:
Oppdragsgjevar sine betalingsvilkår framgår av vedlagte avtalevilkår. Leverandøren vert beden om å spesifisere i tilbodet om dei tek atterhald mot betalingsvilkåra, t.d. ved å be om forskotsbetaling. Oppdragsgjevar gjer merksam på at atterhald mot avtalevilkåra kan føre til at tilbodet vert avvist.

Delkontrakt 3:
Oppdragsgjevar sine betalingsvilkår framgår av vedlagte avtale avtalevilkår. Fast vederlag kan fakturerast kvartalsvis eller halvårleg. Variable kostnadar kan fakturerast månadleg, kvartalsvis eller halvårleg.